

**Røysting:**

AP sitt primære framlegg fekk 10 røyster, (AP, H og Krf) og fall.

Det vart deretter røysta over formannskapet si tilråding med tilleggsframlegg frå AP. Dette vart samrøystes vedteke.

**VEDTAK:**

- 1) Kommunestyret vedtek utviding av Gaupne barnehage etter alternativ A, utviding på eksisterande tomt, som skal gi rom for 18 nye barnehageplassar og betra personalfasilitetar.
- 2) Løysinga vert sett i samanheng med lavvo og sanitæranlegg ved eigna uteområde, Røslébakkane. Påstarta arealreguleringsarbeid skal ha som målsetjing å utvida uteleikeområdet ved eksisterande tomt.
- 3) Kommunestyret set kostnadsramma for tiltaket til 15 million kroner. Løyvinga vert innarbeidd og finansiert ved budsjettregulering, seinast ved halvårsrapporten for budsjett 2021.
- 4) Rådmannen legg fram ei sak som vurderer behov for eit eventuelt byggjesteig 2 for Gaupne barnehage innan juni 2023.

---

7/21

**Referatsaker, kommunestyret 4.3.21****Handsaming:****På føremiddagen var det temamøte med slikt program.**

10.00-10.45 Visit Sognefjord – Masterplan og reiselivet i Sogn i desse Koronatidene, v/ Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør.

10.45-12.00 Regionalplan Sogn Regionråd og Luster i Sogn, v/ Karina Nerland, dagleg leiar og Harald Husabø partner/rådgjeving BDO.

12.30-13.45 Kommuneplanarbeidet. Satsingsområde og hovudmål i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Presentasjonane ligg ved møtedokumenta.

**Framlagt:**

- Orienteringssak frå kontrollutvalet, møtebok ktr.utv sak 4/21 – *referert*. Gjeld tiltakssøknad om å bygge ilandstigningsbrygge ved naust i Solvorn.
- Fsk. sak 6/21. Budsjett 2021 – orientering - *referert*.

Det var ikkje spørsmål til dei framlagde skriva.

#### **Orientering i møtet:**

- Status Korona-orientering frå kommuneoverlege og rådmann. Presentasjon ligg ved møtedokumenta.
- Rekneskap 2020 -orientering frå rådmann. Presentasjon ligg ved møtedokumenta.

Interpellasjon frå Gunn Beate T Lefdal, Handlingsplan i Lustraskulen.  
Svar med vedlegg frå ordførar.

Dokumenta ligg vedlagt møteprotokollen.

Gunn Beate T Lefdal takka for svaret. Ho etterspurde meir konkrete tiltakskort ved hendingar og felles planar for alle skular.

Ordføraren sa at han synspunkta blir notert og han vil ev gje meir presist svar ved eit seinare høve.

#### **Open post:**

Ernst Veum stilte spørsmål om rapportering på bruken av næringsfondet. Det er uheldig at kommunestyret får vite gjennom media korleis det går med firma som kommunen har gjeve støtte til.

Ordføraren sa at næringsutvalet får jamleg informasjon.

Rådmannen sa at rapportering er drøfta i næringsutvalet. Rådmannen vil lage eit framlegg til rapportering til politisk nivå på korleis desse sakene utviklar seg.

Jon Ove Lomheim viste til at Vestland fylkeskommune har avsett midlar til tiltak som legg til rette for omstilling og utvikling, som m.a skal hjelpe kommunane til å styrke næringsgrunnlag. Er dette midlar som kommunen vil søkje på?

Rådmannen svara at Luster ikkje har søkt. I lag med SR – kommunane er det søkt på prosjektet; Sogn for alle og på prosjekt Kvalitetsheving av bygningsdata i matrikkelen. Digitaliseringsprosjekt, som og Luster kommune kan bli ein del av, er aktuelle/prioriterte for tildeling.

Ordførar avslutta med å informere om at han, etter drøftingar i reglementsutvalet, vil arbeide for å vidareutvikle ein informasjonsbolk i kommunestyret, m.a om regionalt arbeid.

Nytt no er at Hilmar Høl er blitt ny leiar i Sogn Regionråd.

#### **VEDTAK:**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

---